



Styret i Uskedal ungdomslag i ein nyoppussa festsal i Helgheim. F.v. Hildegunn Klette Hansen, Britt Steinsletten (ny), Rigmor Rasmussen (leiar), Anette Sund og Janne Yri.

Det er optimisme i Uskedal ungdomslag, Dei fleste i styret tok attval. Britt Steinsletten kjem inn og avløyser Lovise Herland Sunde, som har vore rekneskapsførar i mange år. Mykje godt arbeid er gjort med oppussing av salen oppe i Helgheim. Meir står for tur. Økonomien er god og bingogruppa står for den største inntektsposten.

Det var etter tilhøva godt frammøte til årsmøte i går kveld i Helgheim. Etter sjølve årsmøte var det synfaring og omvisning i den nymålte festsalen i det vakre ungdomshuset. Oppussinga har ein kostnad på rundt kr. 140.000,-. Arbeidet omfattar sliping og golvbehandling, sparkling og måling av bjelkar, kantar, lister, veggfaste benker, talarstol og elles alt som var målt frå før. Gangen skal målalt på dugnad. Det er montert ledlys i kassen langs kantane i salen.

Bingogruppa med Anne Karin Myhre og Audhild Lie i spissen har laga til bingo kvar onsdag. Inntekta frå bingogruppa er på heile kr. 98.000,-, noko som er kr. 12.000,- meir enn året før.



Med oppussinga er salen litt tilbake til slik den var før 1980, med lysare fargar.

Hildegunn Klette Hansen står for utleige, til konfirmasjon, minnestunder, fødselsdagar, dansar og konsertar. Faste brukarar er Røysterett for Alle og Bingogruppa.



Haustfesten var høgdepunktet av festar i 2019. Festtalar var tidlegare ambassadør Ingvard Havnen.

Kasserar og rekneskapsførar Lovise Herland Sunde har over mange år lagt ned eit stort arbeid for ungdomslaget, med søknader og rekneskap. No har ho bedd om fritak og Britt Steinsletten går inn i denne jobben.

Haustfesten 2019 var vellukka. Ny haustfest er lagt til laurdag 17. oktober. Men før det vert det Vårdans med TRINITY.

Hyttestyret med Janne Yri og Anette Sunde kan syna til eit stabilt utleige med familiar og andre som kjem att år etter år. Både Gjensidigestiftinga og SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad har løyvd midlar til gode ålmennyttige tiltak, tilsaman kr. 41.000,- Midlane har gått til innkjøp av utstyr, mellom anna til veding.

Rigmor Rasmussen har vore leiar i laget. Ho held fram som leiar inntil ein finn ei løysing med ny leiar.

Ungdomslaget pr. 31.12.2019 kr. 302.577,- på konto. Inntekter Bingograppa: kr. 98.055,-. Inntekter utleige: kr. 36.839,-. Kostnader straum og varme: kr. 41.319,-

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård - Grenda/ Kristian Bringedal



Lagshytta Fjelly har sine faste brukarar og mange kjem att år etter år (Arkivfoto).